

# Ny kyrkjeordning for Den Norske Kyrkja – høyringssvar frå Grødem sokn

Handsama i soknerådet sak Gr 86/2018 12. desember 2018

Til Kyrkjerådet

## Innleiing

Ein set pris på å få høve til å kommentere Kyrkjerådet sitt utkast til mellombels Kyrkjeordning for Den Norske Kyrkja. Sjølv om også våre demokratiske organ til tider har vore overarbeida med meir eller mindre viktige høyringar og reformar, set me pris på å få høve til å kommentere dette utkastet, som me vonar vil bli arbeida ein del med før ein har ei endeleg ordning på plass. Me gir her nokre tilbakemeldingar på utvalde forslag. Tilbakemeldingane er nummererte.

## Generelt

1. Forslaget kjem for tidleg i høve til ny lov. Ordninga må vere mellombels fram til ny lov er på plass. Ein støttar difor prinsippet om å gjere minst mogleg endringar nå og vil foreslå å i størst mogleg grad halde seg til aktuelle krav i Kyrkjelova fram til ny lov og endeleg ordning er på plass.
2. Forslaget evnar i liten grad å skilje frå kvarandre overordna, prinsipielle ordningar av grunnlags- eller føremålsart, med praktiske, meir tidsavgrensa ordningar, og ordningar av meir administrativ art.

Alt er ikkje like viktig. Kapittel 1 skal vera eit grunnlag for Den Norske Kyrkja, og bør handsamast på anna vis enn resten. Det fortener også ein god prosess på lokalplanet i kyrkja, noko det til nå ikkje har vore.

Dei neste kapitla bør ein også arbeide vidare med og i større grad enn i utkastet skilje viktig frå mindre viktig, prinsipielt frå administrativt.

## Kapittel 1 Grunnlag

3. Kyrkjelova §1 har tent oss godt og bør stå til ny lov er på plass og det er gjennomført ein grundig prosess i kyrkja som leier fram til nye grunnlagsformuleringar. Fleire av utkasta til formuleringar i utkastet ber preg av tilfeldig opprømsing og er diverre ikkje særleg slitesterke. Dei er også i stor grad bundne opp til eksisterande organisering og ordningar.
4. Den demokratiske organiseringa av kyrkja, med representativitet og ansvarlighet som viktige prinsipp, bør gjerast meir tydeleg. Dette er det ålmenne prestedømet.
5. Soknet bør beskrivast i grunnlagsformuleringane.
6. Det bør ikkje stillast andre krav til medlemskap enn dåp.

## Kapittel 2, 3 og 5 Organisering og ansvar

7. Nokre få av tema knyta til organisering og ulike organ bør beskrivast i eit ordningsdokument, som sjølv sagt må byggje på Kyrkjemøtet sine vedtak om organisering av kyrkja. Her står mykje arbeid att før dette enkelt og eintydig kan beskrivast. Dette kan gjerne vere eit nivå 2-dokument, altså under Grunnlag i Den Norske Kyrkja sitt regelverkshierarki.
8. Bestemmelsar om soknets to organ bør vidareførast utan endring til endeleg ordning er på plass. Kyrkjelovas §§9 og 14 er vel innarbeida og tener oss godt.
9. Trussamfunnets overordna styringsorgan, Kyrkjemøtet, bør sikrast demokratisk forankring i soknets organ, slik at ein ikkje har to parallelle demokratiske strukturar ut frå den same medlemsmassen.

10. Det er svært uheldig og heilt unødvendig å innsnevre soknemøtet si rolle. Soknemøtet er grunnplansdemokrati, kor alle medlemmer kan la si stemme høyre.
11. Det blir feil å introdusere nye oppgåver for Bispemøtet (§35) i dette dokumentet nå.
12. Bestemmelsar av administrativ art bør beskrivast i andre dokument. Ein heil del av det som nå er foreslått høyrer ikkje heime i eit overordna styringsdokument, men er praktiske ordningar.
13. Det er heilt unødvendig og svært dyrt å binde seg til offentleg regelverk for sakshandsaming. Det kan vere gode grunnar for å leggje interne, administrative sakshandsamingskrav i nokre få saker opp mot dette regelverket, men i såfall som bestemmelsar av administrativ art. Lovar og forskrifter som regulerar trussamfunn og arbeids- og organisasjonsliv vil gjelde. Å følge desse er å leve i samsvar med dei forventningar styresmaktene stiller til oss.

Kyrkjerådet er ikkje overordna bispedømerådet, fellestråda eller sokneråda. Det er ikkje eit hierarki her, og det er nok ikkje så lett å forstå for dei fleste av oss. Kanskje nokre figurar og teikningar kunne gjere den viktige informasjonen som ligg i eit grunnlagsdokument meir tilgjengeleg? Dette er ikkje heilt ukjent andre stader i samfunnet.

Med ønske om ein lettbeint prosess fram til ei mellombels ordning og ein skikkeleg grunnplansdiskusjon om Den Norske Kyrkja sitt grunnlag for framtida.

Grødem i Advent 2018

Jakob Nærheim

Leiar Grødem sokneråd